Bømlo kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
23. november til 29. november

Tysdag 24. Kl. 10.00 - Seniortur (grønt nivå) - Sønstabø-Sekk-Storeneset
Bli med Bømlo turlag på tur til Storeneset. Oppmøte og start ved Svortland skule kl 10.00. Kontaktperson: Terje Anthun, tlf 476 32 707

Onsdag 25. Kl. 11.00 - Bingo - Røde kors huset
Bømlo frivilligsentral inviterer til bingo denne onsdagen. Eitt bingoark kostar kr 50 og det blir servert gratis kaffi og kaffimat til dei som kjem.

Torsdag 26. Kl. 10.00 - Torsdagstreff - Røde kors huset
Torsdagstreffen startar med stol trim kl 10. Her er det enkle øvelsar med tøy og bøy, som passar for alle. Etter stoltrim blir det servert smørbrød, kaffi og kaffimat. Arrangementet er gratis

---

Torsdag 26. Kl. 19.00 - Quiz - Bømlo kulturhus
Dørene opnar kl 19.00 og quizen startar kl 19.30. Det er maks 8 personar på kvart lag. Om du ikkje har lag, kan ein vera med på andre sine lag. Kvelden består av 3 omgangar. Gratis arrangement.

Fredag 27. Kl. 18.00 - 24 luker - Bømlo kulturhus
24 luker er årets juleframsyning frå Bømlo Teater. Bli med på ei nostalgisk ferd gjennom julemusikk frå kjende julekalendarar og julefilmar. På scenen vil du sjå barn og vaksne, live-band, song, dans og visuelle innslag for heile familien. 24 luker startar torsdag 26.11 og går fram til laurdag 28. november. Billettar kan kjøpast i kulturhuset eller på nettsida. Bill.pris kr 300

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i samarbeid med posten

Nytt og nyttig

«På døra» takkar for seg

Denne veka får du den siste planlagde utgåva av «På døra» i pilotperioden denne hausten. Me vil takka alle som har teke godt imot og lese infoskrivet.

Bømlo kommune har vore med på å prøva ut «På dørterskelen» sidan 2023. Gjennom ordninga har me fått prøva ein ny måte å nå ut med nyttig og aktuell informasjon til eldre innbyggjarar. Erfaringane våre og frå dei andre pilotkommunane er særs gode. Infoskrivet vert lest av dei aller fleste. Mange har satt pris på å få levert infoskrivet på døra av postboda eller i postkassen sin. Me har også delt dei digitalt på nettsidene og Faceboook sida vår.

Kva som skjer vidare, er enno ikkje avgjort. Regjeringa tok ikkje med finansiering av dørterskeltjenesta i framlegget til statsbudsjett for 2027. KS og Posten saman med fagforeiningar arbeider for ei vidare satsing. Saka er no del av den politiske behandlinga av statsbudsjettet.

Me veit derfor ikkje per dato om «På døra» held fram. Når me veit meir, vil Bømlo kommune informera om kva som skjer vidare. Har du ris eller ros om «På døra» vil me gjerne høyra frå deg.



Kontaktinformasjon Bømlo kommune:
Elisabeth Holme Knutsen - rådgjevar kultur og idrett - Mobil 911 65 377
Johanne Kristiansen - rådgjevar folkehelse og frivilligheit - Mobil 453 82 642
Kontakt oss om du vil reservere deg mot å motta dette informasjonsskrivet.